



Bjerkreim kommune
Levekårsavdelinga
Legekantoret

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår saksbehandlar:

Knut Vassbø
Telefon: 51 20 11 50

E-post: knut.vassbo@bjerkreim.kommune.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:

J.p. 12/8402
Sak 08/681

Arkiv:

FA-G23

Dykkar dato:

Vår dato:

11.09.2012

Høyringsvar til ny turnuslegeordning Bjerkreim kommune

Bjerkreim kommune har gode erfaringar med dagens turnuslegeordning – der ansvarsfordelinga mellom kommune, turnuslege og stat er tydeleg. Me ser såleis ikkje noko grunnlag for å endra dagens ordning.

Forslaget om "å erstatte dagens statlige fordeling av enkeltkandidater med en ordning hvor arbeidslivets ordinære regler også gjøres gjeldende for nyutdannede leger" må sikra ei tydeleg ansvarsfordeling, og gi kommunane mulighet til å føra ein aktiv rekrutteringspolitikk, m.a. for å sikra tilsetting i faste stillingar etter fullført turnusteneste.

Styring av tilsettingsprosessen

Ved innføring av ei ny ordning er det viktig at kommunane har handlingsrom til å ivareta sitt ansvar for tilsetting og oppfølging av turnuslegar. Den skisserte løysinga når det gjeld samla utlysing og samordna søking grip langt inn i den tilsettingsprosessen som kommunane har blitt bedne om å ta over. Det vil vera heilt naturleg at kommunane nyttar den nye ordninga til mellom anna å aktivt rekruttera legar til kommunen også utover turnusperioden. **Det bør difor vera mogleg for kommunane å utøva sitt ansvar for å tilsetta turnuslege sjølvstendig og direkte, ved sjølv å ta hand om heile tilsettingsprosessen. Det bør ikkje vera eit krav at søknadene skal gå gjennom ein felles søknadsportal – eller at kommunane skal inngå i ei ordning med kopia stillingar.**

To grupper

Det er i forslaget til sentral søknadsordning skissert to grupper kommunar. Dei rekrutteringssvake kommunane skal gjennomføra tilsettingsprosessen først. Risikoen ved dette kan vera at dei som reknar seg for å vera svake kandidatar, vil søka i dei rekrutteringssvake kommunane – noko som kan gi ei uheldig fordeling mellom dei to kommunegruppene. God tilgang til legar i heile landet er viktig, men det er viktig at ikkje ordninga får utilsikta konsekvensar.

Turnuslegetilskott

Kommunane vert bedne om å stilla med arbeidsplass i form av kontor, utstyr og personale, foreta utlysing/tilsetting kvart halvår, ordna med veileder og dimensjonera øvrig legeteneste inkl legevakt med tanke på å motta turnuslege. Dersom det på grunn av forhold utanfor kommunens rådvelde skulle oppstå ein situasjon der kommunen ikkje får turnuslege ein periode, vil det vera urimeleg at kommunen skal bera denne risikoen sjølv. **Det første halvåret må turnuslegetilskottet utbetalast uavkorta. I løpet av dette halvåret bør det vera ein dialog mellom kommune og Helsedirektorat for å avklara kommunens vidare deltaking i ordninga med turnuslege.**

Med helsing

Knut Vassbø
kommunelege I